



Jnr. 1080.21
THM/aat

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland
Ordførar og kommunedirektør i Haugesund kommune
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
fredag 3. september d.å. kl. 09.30 på Fitjar. Så agenda for oppmøteplass.

Agenda:

- KI0930 Oppmøte ved Midfjellet Vindpark sin parkering (Olstjødno)
Fitjar ordførar Harald Rydland ynskjer velkommen.
Orientering v/ Midtfjellet Vindpark
- KI1025 Avreise til Fitjar Fjordhotell
- KI1045 Orientering Sunnfast AS v/ dagleg leiar Peder Sjo Slettebø (20 min)
- KI1110 Orientering Ung Sunnhordland v/ prosjektleiar Nina Østensjø (20 min)
- KI1130 Lunsj
- KI1200 Sakshandsaming

Sakslista:

- Sak 25/21 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 11. juni d.å.
- Sak 26/21 Regional transportplan 2022 – 2033, uttale
- Sak 27/21 Geopark Sunnhordland AS – Stiftingsdokument
- Sak 28/21 Geopark Sunnhordland – finansiering frå 2022
- Sak 29/21 Støtteerklæring til sunnhordland museum
- Sak 30/21 Støtteuttale frå Samarbeidsrådet til regional ishall på Stord
- Sak 31/21 Skriv og meldingar
 - a) Orientering halvtårs rekneskap
 - b) Endring i kommunelova og moglege krav til ny organisasjonsform for regionråda
 - c) Interkommunalt samarbeid rundt utfordringar knytt til demografi
- Sak 32/21 Ymse

Sunnhordland, 26. august 2021

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 3. september kl. 12.00
Fitjar Fjordhotell, Fitjar

Sak 26/21
THM/aat

UTTALE - REGIONAL TRANSPORTPLAN 2022 – 2033

I Arbeidsutvalet sitt møte den 20. august, blei det fremma eit ynskje om at Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal sende felles uttale, ifm. at Vestland fylkeskommune har Regional transportplan 2022 – 2033 er ute på høyring. Administrasjonen vart bedt om å lage forslag til felles uttale til neste regionrådsmøte den 3. september. Høyringsfrist er 12. september.

Framlegg til uttale blir ettersendt den 2. september.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godtek uttale slik den føreligg.

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 3. september kl. 12.00
Fitjar Fjordhotell, Fitjar

Sak 27/21
THM/aat

GEOPARK SUNNHORDLAND AS – Stiftingsdokument

Den 4. oktober er det kalla inn til ekstraordinært møte i Representantskapet og stiftingsmøte for Geopark Sunnhordland, då det berre er Representantskapet med 2/3 fleirtal som kan stifta eit dotterselskap under Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, ref. §14 i selskapsavtalen vår:

§ 14 Representantskapet kan med 2/3 fleirtal etablere dotterselskap under SRS IKS. Dotterselskapet i denne samanheng er selskap der SRS IKS har minst 50 % av eigarskapet. Eit dotterselskap kan ha kva lovleg selskapsform som helst, så sant krava til eige rettssubjekt er stetta.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland gjorde i møte 19. mars, sak 08/21 – Geopark Sunnhordland følgjande vedtak:

Vedtak:

- Samarbeidsrådet stiftar eit ideelt aksjeselskap – Geopark Sunnhordland AS innan 1. september 2021.
- Samarbeidsrådet går inn med kr. 30 000,- i aksjekapital.
- Samarbeidsrådet tilrår at styre består av minimum 3 og max 7 medlemmer, bestående av ein kombinasjon av politisk kompetanse og nettverk og fagkunnskap innan både reiseliv og geologi/arkeologi. I tillegg bør fylkeskommunen vera representert.
- Samarbeidsrådet bed administrasjonen utarbeida forslag til stiftingsdokument og selskapsavtale.
- Samarbeidsrådet bed administrasjonen sende søknad om midlar til kommunane med utgangspunkt i fordelingsnøkkel ref. alternativ nr. 3.
- Fordelingsnøkkel skal evaluerast innan 3 år.

Med bakgrunn i ovannemnde vedtak, punkt 1-4, legg administrasjonen stiftingsdokumenta fram til behandling den 3. september. Videre fremmer Samarbeidsrådet for Sunnhordland forslag til vedtak for Representantskapet den 4. oktober, ref. innleiinga i denne saka.

Selskapsdokument for Geopark Sunnhordland AS ligg som vedlegg.
Forslag til styringsgruppe vært lagt fram på møte den 3. september.

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 3. september kl. 12.00
Fitjar Fjordhotell, Fitjar

Sak 28/21
THM/aat

GEPARK SUNNHORDLAND - FINANSIERING

Samarbeidsrådet for Sunnhordland gjorde i møte 19. mars, sak 08/21 – Geopark Sunnhordland følgende vedtak:

Vedtak:

- Samarbeidsrådet stiftar eit ideelt aksjeselskap – Geopark Sunnhordland AS innan 1. september 2021.
- Samarbeidsrådet går inn med kr. 30 000,- i aksjekapital.
- Samarbeidsrådet tilrår at styre består av minimum 3 og max 7 medlemmer, bestående av ein kombinasjon av politisk kompetanse og nettverk og fagkunnskap innan både reiseliv og geologi/arkeologi. I tillegg bør fylkeskommunen vera representert.
- Samarbeidsrådet bed administrasjonen utarbeida forslag til stiftingsdokument og selskapsavtale.
- Samarbeidsrådet bed administrasjonen sende søknad om midlar til kommunane med utgangspunkt i fordelingsnøkkel ref. alternativ nr. 3.
- Fordelingsnøkkel skal evaluerast innan 3 år.

Med bakgrunn i ovannemnde vedtak, punkt 5, vart det pr. 23. april sendt søknad til kommunane i Sunnhordland om støtte til driftsmidlar frå 2022.

Følgjande fordelingsnøkkel vart lagt til grunn i søknaden:

Alt.3: Hovudakse Bømlo-Stord-Kvinnherad

a) Bømlo er sentral i Sunnhordlands geoarv, samt har hovudportalen i Moster Amfi.

b) Stord har det største hotellet, Litlabø gruver, bystatus. Knutepunkt for kommunikasjon.

c) Kvinnherad har nasjonalparken, Folgefonnsenteret, Steinparken, Baroniet Rosendal, bergverkshistorikken i Ølve, Shld's lengste turisthistorie samt flest hotellsenger.

Desse tre kommunane legg inn eit noko høgare grunnbeløp. Differansen går til avkorting på grunnbeløpet til dei fem andre kommunane slik:

Bømlo	kr. 80.000,- + kr. 6,50 pr innbyggjar
Stord	kr. 65.000,- + kr. 6,50 pr innbyggjar
Kvinnherad	kr. 65.000,- + kr. 6,50 pr innbyggjar
Fitjar, Austevoll, Tysnes, Etne, Sveio:	Kr. 38.000,- + kr. 6,50 pr. innbyggjar.
Sum kr. 822.610	

Administrasjonen ser føre seg eit foreløpig budsjett for 2022 som følgjer (ref. søknad pr. 23/4) :

KOSTNADER		FINANSIERING	
ART	BUDSJETT	KJELDE	BUDSJETT
Løn dagleg leiar 100% inkl.sos.kostn.	910 000	Kommunane i Shl. *3	810 000
Marknad/kommunikasjon	150 000	VLFK – årleg driftstilskot *2	500 000
Administrativ ressurs	150 000	Eiginnsats SRS	50 000
Geolog ressurs *1	150 000	Eig.innsats Visit Shl.	50 000
Reise/møte	100 000	Eig.innsat UiB/NGU *1	150 000
Kontorkostnader	50 000		
Diverse	50 000		
Sum	1 560 000		1 560 000

Kommentar til budsjett:

- *1 - Geolog ressurs er nødvendig. Fram mot UNESCO-status kan ein argumentere for at det geofaglege er på plass gjennom avtale med Institutt for geovitenskap v/UiB samt NGU.
- *2 - Vestland fylkeskommune arbeider med eit framlegg til årleg driftstilskot til UNESCO-parkar i fylket frå 2022. Ein ser føre seg at dette tilskotet vert kr. 500 000,-.
- *3 - Ovannemnde budsjett syner forslag til finansiering frå kommunane på kr. 810 000,-. Dette utgjer t.d. ca. kr. 12,5 pr innbyggjar eller evt. kan vera anna fordeling som t.d. lik fordeling mellom kommunane.

I Samarbeidsrådet sitt møte 11. juni, sak 23/21 orienterte administrasjonen om at vedtak frå kommunane var mottatt. 6 kommunar gav støtte til søknaden og 2 kommunar gav avslag.

Samarbeidsrådet ba administrasjonen sende ei oppsummering av vedtaka i kommunane, er som følgjer:

Kommune:	Vedtak:
Austevoll Tysnes (likelydande vedtak)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dei andre kommunane i Sunnhordland går inn med sin del av finansieringa. 2. Geopark Sunnhordland oppnår UNESCO status. 3. Finansieringsmodellen vert i samsvar med alternativ tre i skisserte modellar for fordeling mellom kommunane. 4. Anna/øvrig finansiering av prosjektet kjem på plass i samsvar med føresetnader lagt til grunn i søknaden.
Bømlo	<ol style="list-style-type: none"> a. Hovudportalen for Geopark Sunnhordland vert Moster Amfi. b. Tilsetting skal vera knytt til Bømlo. c. Dei andre kommunane i Samarbeidsrådet gjer vedtak i tråd med søknaden datert 23. april 2021. d. Søknaden om UNESCO-status vert sendt som planlagt i oktober 2021.
Etne Sveio (likelydande vedtak)	<ul style="list-style-type: none"> • Etne/Sveio kommune avslår søknad om driftsstønad frå Sunnhordland Geopark.
Fitjar	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dei andre kommunane i Sunnhordland går inn med sin del av finansieringa.

	<p>2. Geopark Sunnhordland oppnår UNESCO-status.</p> <p>3. Finansieringsmodellen vert i samsvar med alternativ tre i skisserte modellar for fordeling mellom kommunane.</p> <p>4. Anna finansiering av prosjektet kjem på plass i samsvar med føresetnader lagt til grunn i søknaden.</p> <p>5. Finansiering vert å koma tilbake til i ordinær budsjetthandsaming.</p>
<p>Kvinnherad Stord (likelydande vedtak)</p>	<p>a) At dei andre medlemskommunane i Samarbeidsrådet gjer vedtak om å gå inn med driftsmidlar i tråd med søknad dagsett 23. april 2021.</p> <p>b) At Geopark Sunnhordland oppnår UNESCO-status.</p>

Sunnhordland har pr. 2. kvartal 2021 eit folketal på 65 099,- innbyggjarar. Dette utgjer kr. 823 144,- i kommunetilskot til Geoparken.

Foreløpig har kommunane vedteke totalt kr. 683 249,- og ein manglar ca kr. 140 000,- iht finansieringsplan.

Med bakgrunn i kommunane sine ulike vedtak ba arbeidsutvalet i møte 20. august administrasjonen legge fram saka på nytt for Samarbeidsrådet.

Administrasjonen legg saka fram til drøfting.

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 3. september kl. 12.00
Fitjar Fjordhotell, Fitjar

Sak 29/21
THM/aat

STØTTEERKLÆRING TIL SUNNHORDLAND MUSEUM SINE PLANAR OM REHABILITERING OG OPPGRADERING AV SUNNHORDLANDSTUNET

Stord kommune tok i førre arbeidsutval initiativ til å sende felles støtteerklæring til Vestland fylkeskommune, for Sunnhordland museum sine planar om rehabilitering og oppgradering av Sunnhordlandstunet. Utvalsleiar Stian Davies frå fylkeskommunen, var på besøk før sommaren der han fekk presentert prosjekta. Hans klare melding til Stord kommune var at prosjektet vil stå sterkare hjå fylket om heile regionen stiller seg bak det.

Framlegg til støtteerklæring:

Sunnhordland museum er regionalt ansvarsmuseum for alle dei 8 kommunane i Sunnhordland (Austevoll, Bømlø, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes). Museet har ein viktig regional funksjon med å dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet tek i vare fleire kulturhistoriske tun og bygningar i regionen, m.a. Halsnøy kloster.

Sunnhordland museum sitt administrasjonsbygg ligg sentralt plassert i regionsenteret Leirvik. Bygget rommar utstillings- og publikumsareal, gjenstandsmagasin, museumshall og kontorlokale for 9 tilsette ved museet.

Sunnhordlandstunet har store behov for rehabilitering for å tryggja gjenstandane som museet forvaltar, for å få betre fasilitetar for å ta imot publikum. Slik det framstår i dag, har ikkje Sunnhordlandstunet universell tilrettelegging og stettar heller ikkje forventningane som publikum i dag har til ein kulturinstitusjon. Ei oppgradering på Sunnhordlandstunet vil leggja til rette for at museet kan utvida formidlingstilbodet sitt både til skular og barnehagar, til regionen sine innbyggjarar, og til tilreisande og besøkjande. Dette vil i sin tur medverka til å styrka museet si eigeninntening.

Kommunane i regionen ser på Sunnhordland museum som ein viktig kulturinstitusjon for regionen og meiner at museet har ein viktig funksjon for og i regionsenteret Leirvik. Museet har vidare ein viktig funksjon i heile regionen knytt til innsamling, bevaring og formidling av kulturhistorie, i tillegg til at det tilbyr rådgjeving og kompetanse for private og

frivillige innan museumsrelevante problemstillingar. Museet tilbyr eit godt kulturtilbod og med si sentrale plassering er det innanfor akseptabel reisetid for alle innbyggjarane som har Leirvik som sitt regionsenter.

Vidare ser kommunane på Sunnhordland museum som eit viktig tilbod til turistar og tilreisande til regionen og regionsenteret. Kommunane i Sunnhordland vil med dette stille seg bak søknad frå Sunnhordland museum om tilskot til oppgradering og rehabilitering av «Nye sunnhordlandstunet», og vonar at Vestland fylkeskommune vil stetta søknaden.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar uttalen slik den ligg føre.

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 3. september kl. 12.00
Fitjar Fjordhotell, Fitjar

Sak 30/21
THM/aat

STØTTEUTTALE FRÅ SAMARBEIDSRÅDET TIL REGIONAL ISHALL PÅ STORD

Til liks me støtteerklæringa for Sunnhordland museum blei det spelt inn av Stord kommune i førre møte i Arbeidsutvalet den 20. august, å sende ein støtteuttale til Vestland fylkeskommunen, på etablering av ny regional ishall på Stord. Begge prosjekta er avhengig av støtte frå fylkeskommune. Utvalsleiar Stian Davies frå fylkeskommunen, var på besøk før sommaren der han fekk presentert begge prosjekta. Hans klare melding til Stord kommune var at prosjekta vil stå sterkare hjå fylket om heile regionen stiller seg bak dei.

Framlegg til støtteuttale blir ettersendt 2. september.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar uttalen slik den ligg føre.

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 3. september kl. 12.00
Fitjar Fjordhotell, Fitjar

Sak 31/21
THM/aat

SKRIV OG MELDINGAR

a) Halvtårs rekneskap

Sjå vedlagt rekneskap til orientering.

b) Endring i kommunelova og moglege krav til ny organisasjonsform for regionråda

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) offentliggjorde fredag 20.8.2021 ein tolkningsuttale som kan være avgjerande for kva organisasjonsform regionråda kan nytta.

Utgangspunktet for tolkningsuttalen er ein førespurnad frå KS Advokatene der det stilles spørsmål om andre organisasjonsmodellar enn «interkommunalt politisk råd» etter kommunelova kap. 18, er tilgjengelege for de eksisterande regionrådene. I den samanheng vises det til at det også finnes regionråd som er organisert som interkommunale selskap (IKS).

KMD konkluderer med at alle eksisterande regionråd, også dei som er organisert som IKS må gjerast om til Interkommunalt politisk råd (IPR) - etter kommunelova kap. 18.

KMD trekker fram blant anna at intensjonen bak kommunelova si ordning med IPR, er å sikre at det er møteoffentlegheit m.m. i regionråda. IKS-lova ivaretar ikkje dette behovet etter departementets syn.

For tolkningsuttale sjå her:

https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-18-1-interkommunalt-politisk-rad/id2868292/?utm_source=regjeringen.no&utm_medium=email&utm_campaign=nyhetsvarsel20210820

c) Interkommunalt samarbeid rundt utfordringar knytt til demografi

Denne saka blei spelt inn til arbeidsutvalet av Kvinnherad kommune den 20. august. Med bakgrunn i Viktor Normann utvalet si utredning knytt til demografi, samt Ungdommens distriktspanel som peikar ut 10 råd til Erna knytt til utfordringar knytt til demografi, så ynskjer Kvinnherad eit interkommunalt samarbeid rundt problemstillingar knytt til demografi. Arbeidsutvalet konkluderte med at dette er det mandatet regionrådet sitt prosjekt Bu i

Sunnhordland allereie har som hovudoppgåve å løyse, og at bør sjå på korleis ein kan ytterlegare styrke det prosjektet. Arbeidsutvalet bad administrasjonen om å førebu ein kort presentasjon av status i Bu i Sunnhordland prosjektet.